



Planprogram

Interkommunal kommunedelplan for heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) og beredskapsplan for Midt-Telemark kommune

Fastsett av kommunestyra i Sauherad (28.2.19) og Bø (11.2.19)

Bakgrunn

Kommunane Bø og Sauherad har vedtatt å slå seg saman med verknad frå 01.01.2020 og at namnet på den nye kommunen blir Midt-Telemark kommune. Som ein konsekvens av det er det nødvendig å lage ein felles heilskapleg Risiko- og Sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for den nye kommunen. Den vil vera gjeldande frå årsskiftet 2020. Det vil og vera nødvendig å lage ein plan for korleis en følgjer opp ROS-analysen.

Ein har i utarbeidinga av planprogrammet lagt Direktoratet for Samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar, *Veileder – helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen (2014)*, til grunn for arbeidet fram mot ferdig ROS-analyse.

Overordna er det nasjonale samfunnssikkerhet- og beredskapsarbeidet basera på prinsippa om ansvar, likskap, nærleik og samvirke. Det er definera på følgjande vis:

1. **Ansvarsprinsippet**

Den organisasjon som har ansvar for fagområdet i ein normalsituasjon, har og ansvaret for nødvendige planar knytt til beredskap og ansvar for å handtere ekstraordinære hendingar innafor området.

2. **Likskapsprinsippet**

Organisasjonen ein har i ein krisesituasjon, skal i utgangspunktet vera mest mogleg lik den organisasjonen ein har i det daglege

3. **Nærleiksprinsippet**

Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå

4. **Samvirkeprinsippet**

Myndigheter, verksamheter og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke mellom relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Om den kommunale plikta

Den kommunale plikta til utarbeiding av ein heilskapleg ROS-analyse følger av Sivilbeskyttelsesloven kor det i § 1 heiter at «*lovens formål er å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdier og kritisk infrastruktur ved bruk av ikkje-militær makt når riket er i krig, når krig truer, når rikets selvstendighet eller sikkerhet er i fare, og ved uønskede hendelser i fritid*».

I lovens kapittel 5, § 14, Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarhetsanalyse, står det følgjande:
Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse. Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap.

I forskrift om kommunal beredskapsplikt klargjer ein kommunens plikt til å kartleggje, systematisere og vurdere i kva grad uønska hendingar kan skje og korleis desse kan påvirke kommunen. Det er krav om at den heilskaplege ROS-analysen blir forankra i kommunestyret og at analysen som eit minimum omfattar:

- a) eksisterande og framtidige risiko- og sårbarhetsfaktorar i kommunen
- b) risiko og sårbarhet utanfor kommunens geografiske område som kan vera viktig for kommunen
- c) korleis ulike risiko- og sårbarhetsfaktorar kan påvirke kvarandre
- d) særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- e) kommunens evne til å oppretthalde eigen verksemd når ein blir utsett for uønska hendingar og evne til å vidareføre drifta etter at ei hending har skjedd
- f) behovet for befolkningsvarsling og eventuell evakuering.

I arbeidet med den heilhetelege ROS-analysen er ein pålagt å sikre at «relevante offentlege og private aktørar» inviterast med i arbeidet med ROS-analysen.

Kommunen er jf forskriftas §§ 3-4 vidare pålagt å utarbeide ein overordna beredskapsplan med mål og strategiar for korleis ein skal følgje opp det som kjem opp i ROS-analysen. Planen skal følgjast opp kvart år og skal som eit minimum innehalde:

- a) Ein plan for kommunens kriseleiing som gjer opplysningar om kven som inngår i kommunens kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, OG kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal samlast.
- b) Ei varslingsliste over aktørar som har ein rolle i kommunens krisehandtering. Alle som står på lista skal veta kva som er deira rolle under eventuell krise.
- c) Ein oversikt over tilgjengelege ressursar, kva ein sjølv disponerer og kva som er tilgjengeleg hos andre. Det skal ligge føre konkrete avtalar med eksterne aktørar.
- d) Plan for evakuering og befolkningsvarsling basera på det heilhetelege ROS-analysen
- e) Plan for kommunikasjon til befolkning, media og tilsette ved eventuell krise.

Den kommunale beredskapsplikten erstattar ikkje kommunens ansvar gitt i eige regelverk, men presiserer plikta til å ha ein overordna plan og politikk på korleis ein arbeider for å trygge kommunens ulike aktørar. Innanfor dei kommunale ansvarsområde gjeld det i tillegg egne krav og forventningar til samfunnssikkerhet og beredskap. Dette gjeld blant anna områda: Brann og redning, Helse og sosial beredskap, akutt forureining, smittevern, drikkevatt (der kommunen er

vassverkseigar), planlegging og arealforvaltning og alvorlege hendingar/beredskap i skule og barnehage. DSB illustrerer den overordna kommunale beredskapsplikta på følgjande vis:



Figur 1 Heilskapleg og sektorovergripande kommunal beredskapsplikta (DSB veileder)

Det er vidare viktig å vera klar over at den kommunale ROS-en er ein del av ein større heilhet der mange aktørar - statlege, regionale og lokale - gjennom lovverk er pålagd å lage egne risikoanalyser og handlingsplanar, jf. Figur 2.

NIVA	OFFENTLIG FORVALTNING	EKSTERNE AKTØRER
Stat	<ul style="list-style-type: none"> Nasjonalt risikobilde, (departement, sektormyndigheter) 	
Fylkesmann	<ul style="list-style-type: none"> FylkesROS 	
Kommune	<ul style="list-style-type: none"> Helhetlig ROS 	
Virksomhet/fagområde	<ul style="list-style-type: none"> ROS-analyse av kommunal virksomhet/fagområde ROS-analyse for drikkevannforsyning, helse- og brannberedskap ROS-analyse i utbyggingsplaner iht. plan- og bygningsloven Risikovurdering av informasjonssystemer som håndterer personopplysninger 	<ul style="list-style-type: none"> ROS-analyse av kraftforsyningen ROS-analyser av transport Risikovurderinger av virksomheter som håndterer farlige stoffer (speslelt storulykkevirksomheter?)

Figur 2 Risiko og sårbarheitsanalyser på ulike nivå (DSB veileder)

Premiss og mandat for gjennomføring av prosess

Som nemnt tidligare har ein i dette planprogrammet vald å leggje DSBs rettleiar til grunn for utarbeiding av ein heilskapleg ROS-analyse. Det leggst i arbeidet fram mot ferdig heilskapleg ROS-analyse for Midt-Telemark kommune og plan for oppfølging av ROS til grunn tre hovudfaser: 1. Planlegging og forarbeid, 2. Gjennomføring av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og 3. Oppfølging i kommunen. I kvar fase ser ein for seg følgjande oppgåver:

Fase 1. Planlegging og forarbeid

- Forankring og organisering av analysen
- Definering av mål, avgrensing, metode og prosess (for analysen)
- Samling av informasjon om kommunen

Fase 2. Gjennomføring av heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse

- d. Identifisere uønska hendingar
- e. Risiko- og sårbarhetsvurdering av uønska hendingar
- f. Framstilling av risiko og sårbarhetsbilete
- g. Forslag til oppfølging
- h. Rapport

Fase 3. Oppfølging i kommunen

- i. Plan for oppfølging av ROS
 - i. Mål, strategiar og prioriteringar
 - ii. Tiltak for oppfølging
- j. Integrering av samfunnssikkerhet og beredskap i planar og prosessar etter plan- og bygningslova.

Det leggjast til grunn at prosessen for gjennomføringa av arbeidet med heilskapleg ROS organiserast som eit prosjekt som forankrast i kommunens øvste administrative og politiske leiing. Prosessen forankrast i kommunestyret i tråd med fasane.

Mandat for prosjektgruppa som får ansvar for å lage ein heilskapleg ROS-analyse er:

1. Utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse for Midt-Telemark kommune og dokumentere analysen i ein rapport.
2. Basert på ROS-analysen skal prosjektgruppa komme med forslag til plan for korleis kommunen skal følgje opp kommunens arbeid slik det går fram av ROS-analysen.
3. ROS-analysen skal tilfredsstille krava som ligg i Sivilbeskyttelsesloven og forskrift om Kommunal beredskapsplikt.
 - a. Rapporten skal gi oversikt over risiko og sårbarhetsforhold i kommunen, og korleis dei påverkar kommunen
 - b. Avdekke sårbarheter og gjensidige avhengighetar
 - c. Foreslå tiltak på korleis risiko og sårbarhet kan reduserast og handterast
 - d. Gje grunnlag for ytterlegare planlegging og støtte for gode vedtak til kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap.

Organisering, medverknad og framdrift

Arbeidet med å lage ein heilskapleg ROS-analyse for Midt-Telemark kommune organiserast som et prosjekt der ein legg til grunn følgjande:

Oppdragsgjevar er kommunestyra i kommunane Bø og Sauherad, som skal godkjenne planprogram og kommunedelplan for heilskapleg ROS-analyse.

Styringsgruppe er Fellesnemnda for både kommunane som har følgjande ansvar og oppgåver:

- Sørge for at mandat og om mål er klart før prosjektet blir planlagt i detalj og settast i verk
- Godkjenne prosjektplan med tids-, ressurs- og kostnadsplan (planprogram)
- Handsama større endringar i prosjektets framdrift
- Godkjenne strategiske vedtak undervegs i prosessen

Prosjektansvarleg er rådmann, som og har ansvar for val av **prosjektlei**ar og medlemmer til ei tverrfagleg samansett **prosjektgruppe**. Før saker meldast til styringsgruppa skal saker vera behandla i rådmannens leiargruppe (RTL).

Prosjektgruppa, som leiast av prosjektleiar for kommunalområdet Samfunnsutvikling, er ansvarleg for planprosessen fram ot vedtak av heilskapleg ROS-analyse, og har og mandat til å utarbeide den nye kommunens beredskapsplan for ny kommune.

Prosjektgruppa har mandat til å trekke på ressurspersonar i organisasjonane i Bø og Sauherad kommunar på områder med særskilde lovkrav og som jf. ansvars- og nærleiksprinsippa har definera ansvar og roller i krisesituasjonar.

Heilskapleg ROS-analyse for Midt-Telemark kommune skal lagast i tråd med prosess- og formkrav slik dei går fram av plan- og bygningslov.

Medverknad sikrast i tett dialog med deltakarane i kommunanes (felles) Politiråd, nabokommunar og regionale aktørar. Det er viktig at ein i arbeidet med ROS-analysen sikrar deltaking og medverknad frå næringsliv, skule- og universitetssektor og transportselskap. Det er naturleg at ein etablerer ein referansegruppe(r) med deltaking frå Politirådet.

Ein legg i skisse til framdrift til grunn at kommunane Bø og Sauherad vedtek kommunedelplan for heilskapleg ROS-analyse for nye kommune før sommaren 2019 og at det nye kommunestyret for Midt-Telemark vedtek Beredskapsplan med handlingsdel i samband med budsjettarbeidet for den nye kommunen. Handlingsdelen i Beredskapsplanen må inngå som del av budsjett- og økonomiplanen for Midt-Telemark kommune for perioden 2020-2023.

Tidsplan for gjennomføring av prosjekt

	2018			2019												
	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	
Vedtak om oppstart av planarbeid	X															
Planprogram, høyring		x	x													
Vedtak av planprogram					x											
Innsamling av info, omtale av kommunen					x											
Identifisering av uønska hendingar					x	x										
- møte med kommunale sektorar																
- møte med eksterne aktørar																
Risiko- og sårbarhetsvurderingar						x	x									
Utkast ROS til drøfting i politi-/beredskapsråd							x	x								
Utkast ROS til drøfting i fellesnemnda							x									
Utarbeiding av beredskapsplan						x	x	x	x							
Politisk vedtak av ROS (FN)									x							
Adm, intern drøfting av beredskapsplan								x	x							
Utkast beredskapsplan til drøfting i FN									x							
Utkast beredskapsplan til drøfting i referansegr											x	x				
Beredskapsplan 1. gangs beh. (FN)													x			
Offentleg ettersyn, drøfting i politiråd												x	x	x		
Beredskapsplan 2.gangs beh. (FSK)															x	
Vedtak av beredskapsplan (KST)																x